



Telefonstasjonen på Stamnes

Utlånt av Laila Jakobsen

MINNE FRÅ TELEFONSTASJONEN PÅ STAMNES

Laila Jakobsen

No er det snart 23 år sidan telefonstasjonen vart lagd ned, og sambandet vart automatisert.

Ja, åra går og det minkar på oss som hugsar at det faktisk har vore ein telefonstasjon i bygda. Så eg har tenkt at for etterslekta kan det vera kjekt å få vita korleis det var før i den tida då 2 og 3 abonnentar måtte dele ei linje, og mange ikkje hadde telefon.

Var det behov for å telefonere laut dei gå til den næraste som hadde telefon, eller gå på telefonstasjonen om det var råd. Det seier seg sjølv at telefonering vart ikkje gjort i utide.

Telefonstasjonen fekk Stamnesbygda 4. november 1913. Det var eit stort framsteg å få ein slik kontakt med omverda.

Den fyrste stasjonshaldaren var jordmor Maria Kjønnegård. Ho hadde stasjonen i huset som Besse Stamnes eig no. Betingelsane for å få ein telefonstasjon på ein ny stad, var, at den som fekk oppgåva som stasjonshaldar laut ha den gratis i 5. år, berre med % av telegram og samtalar som løn. Så løna var ikkje stor. Slik vart det praktisert, iallfall på desse kantar. Både på


Eidslandet og i Eksingedalen var det liknande. Ja, så seint som i 1933 då Gammersvik talestasjon kom, var det på same betingelsar, 5. år gratis hald først. Desse opplysningane har eg funne i gamle notater. I dag høyrest det utruleg ut. Det ser ut som det var rein idealisme som dreiv dei første stasjonshaldarane.

Ingeborg Iversen tok over som styrar 11. juni 1929. I den tida var stasjonen i same huset som bakeriet, huset som Dyvik eig no. Etter det var den så ei tid i huset til skomakar Iversen, far til Ingeborg, før den i 1937 vart flytta inn i nyhuset til Ingeborg og Rangvald Flatekval på Haugen. Ingeborg og Rangvald gifte seg i september 1937.

Mine barndomsår med telefonstasjonen rett utanfor kjøkkendøra var spesielle. Det var ikkje vanleg at husmødrene hadde arbeid utanom heimen på den tida, slik som mi mamma hadde.

Alt var konsentrert om telefonsentralen frå me vakna om morgonen til me la oss om kvelden. Stundom vart me uroa nattetid av folk som banka på døra og laut få telefonere etter legehjelp, eller jordmor Sæve etter at ho var flytt herifrå til Dale.

Klokka 0800 laut mamma vera klar til å starta på dagen. Det var først å «ringja inn» linjene til dei store sentralane Bergen-Voss og Dale. Og arbeidsdagen var lang, opningstida var heilt til kl. 21. Søndag var det ope 4-5 timar, fordelt på før og etter middag. Det var ikkje ope om natta. I mange år var mamma åleine tilsett, seinare vart pappa tilsett som hjelp. Både pappa og eg gjekk til hånde og hjelpte til med ekspederinga så mamma fekk nødvendige pausar, når me var i huset. Elles laut



Rangvald Flatekval f. 1907 d. 1971
Bilete er frå 1964. Utlånt av Laila Jakobsen

mamma sitja dagen lang åleine, noko som hende rett ofte. Men ho tok det meste med godt humør, og var det sure og ansente kundar fekk ho dei oftast på betre tankar.

Pappa vart delvis arbeidsufør etter eit hjerteinfarkt i 1963, og det vart då tilsett hjelp utanfrå. Det var unge jenter herifrå som fekk seg ein arbeidsplass i bygda, noko det var smått med. Kvar dag hadde me folk innom dørene, dei fleste hadde ærend på telefonstasjonen, men nokon kom innom berre for å slå av ein prat. Det var no og meir vanleg i den tida at folk gjekk til kvar andre utan innbeding.

Til kvelds var det ofte gjester, stundom overnattingsgjester også. Det var gjerne slekt og vener som « mellomlanda » her.

På tysdagane var det lækjardag og då var det og fiskadag på Stamnes Handelslag, og ei stor gryte med fisk vart kokt med tilhøyrande suppe. Som oftast hadde me besøk av tilreisande pasientar frå Eidslandet og Eksingedalen som kom oppom og fekk mat og heile den timen distriktslækjaren hadde middagspause. Han åt middag hjå Iversen, som dreiv kafé og pensjonat på den tida. Lækjaren gav alltid beskjed om kvar han var å finne når han var i bygda, slik og når han åt middag. Dette var ein sjølvstekt ting for han og for oss. Slik kunne alle vera best tent med å nå han fort om det trongst til. Lækjaren sat ofte på kontoret til midnatt og eller det, sjukebesøk gjerne til øvst i Eksingedalen.

Når eg tenkjer attende på barneåra som eg hadde på « telefonen » så var det eit utruleg og folksamt hus, men på ein positiv måte.

Mamma og pappa var innstilte på å hjelpa til der dei kunne. Dei gjorde mange tenester for folk i bygda. I den tida var alt meir tungrodd enn i dag. Det var ikkje kome bru over Bolstadstraumen eller Kallestadsundet. Lækjarhjelp laut koma sjøvegen frå Vaksdal. Likeins kom soknepresten frå Bruvik.

Pappa var svært interessert i husdyrhald og hadde god greie på ymse råd og hjelp når det floka seg med lemning eller kalving. Han hadde tett samarbeid med dyrlækjarane på Voss, som sende depot av ymse medisinar for dyr til han, som han delte ut der det trongst, etter fullmakt frå dyrlækjaren.

Og det var no svært praktisk at hjelpa var å få i bygda for dei som var i knipa, og endå greiare at den var å finne på telefonstasjonen. For mange, særskilt eldre var det ein alvorleg ting å telefonere, iallfall utanbygds, for ikkje å snakka om førespørsel etter slekt som var innlagt på sjukehus. Då laut me væra mellommann og hjelpa til så godt me kunne. Det var ikkje til å unngå at me på telefonstasjonen sat inne med ein del viten om ting som hende i bygda. Så det var berre å halda munnen lukka. Eg vart som ung ein del pressa og utspurde når lækjarbåten låg ved landet på ei utid. Det var då berre å halda munnen lukka som sagt.

Sumartid var det ofte brislingfiskara i fjorden, det var mange gonger eit svært leven når alle ville væra først å melde frå om fangst. Heile telefonromet og benkane på altanen var fullsett med fiskarar. Dei spytta skrå og lukta ille.

Mamma laut vera kørdnar og det nytta lite for dei å prøva med grov munn. Ja, det var liv. Som oftast kom både den eine og den andre basen med ei bøtte med brisling til oss etter endt «slag». Så kunne me minnast dei når me smaka på spekebrislingen.

Ja, det var mange morosame hendingar, og sørgjelege med. Alt dette frå ei tid med eit yrande liv på Hedlo.

Den 26. juni 1973 var siste dagen for telefonstasjonen på Stamnes - ein epoke var slutt.



Ingeborg Flatekval f. 1904 d. 1987

Bilete er frå 1964

Utlånt av Laila Jakobsen